

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 24.08.2011  
 Frå: **Administrerende direktør**  
 Sakhandsamar: **Terje Arne Krokvik**  
 Saka gjeld: **Rentebinding av lån til i**

**Administrerende direktør si orientering pkt 2**  
**Styresak 085/11 O**

**Styremøte 07.09. 2011**

## Bakgrunn


I møte den 14. desember 2005 under sak 115/05 O "Handtering av lån – eventuell rentebinding" blei det gjort greie for prinsippa som blir lagt til grunn for vurdering om eventuell binding av renta på lån til investeringar.

I avveginga mellom lågast mulig rente og lågast mulig risiko er det lagt opp til følgjande spreing av renta på lånevolumet:

- Ca 25 % av innlånsvolumet har flytande rente
- Ca 25 % av innlånsvolumet har fast rente
- Resterande del av innlånsvolumet blir vurdert i høve til marknadssituasjonen.

## Kommentarar

Den flytande renta er for andre halvår av 2011 fastsett til 2,90 %. Fastrenta pr. 1/7-2011 er sett til 3,04 % på 3 års binding, 3,34 % på 5 års binding og 3,84 % på 10 års binding. Utviklinga i fast og flytande renta på lån til investeringar kan illustrerast i følgjande diagram:



Fastrenta på investeringslån hadde sitt lågaste nivå i 2. halvår 2010. Fastrenta har no redusert seg frå 3,5% til 3,34% for rente med 5 års binding, medan den flytande renta viser oppgang frå 2,66% til 2,90%. Det er sjølvst sagt usikkert korleis renta vil utvikle seg i åra som kjem. Renta for 10 års binding er høgare enn 5 års binding. Dette kan vere ein indikasjon på at ein forventar at renta vil stige på sikt.

Pr. 1/7-2011 er det 3 lån som har flytande rente. I tillegg vil den delen av byggjelån som blir konvertert til langsiktig lån etter 1/7-2011 førebels bli å vurdere som lån med flytande rente. Fordeling mellom fastrente og flytande rente før ei eventuell endring er som følgjer:

	Saldo 1/7-2011	Fordeling	
Fastrentelån pr 1/7-2011	1 315 621 736	47,9 %	
Lån med flytande rente pr. 1/7-11			
- Lån nr. 1, 2 og 3	553 798 918	20,1 %	} 26,3 %
- Byggelån - flytende rente	168 567 693	6,1 %	
Netto driftskreditt *)	711 452 968	25,9 %	
<b>SUM lån</b>	<b>2 749 441 315</b>	<b>100,0 %</b>	

\*) Netto driftskreditt er her samla driftskreditt i Norges Bank fråtrekt innskot på konsernkonto

Forskjellen mellom flytande og fast rente (5 års binding) er på 0,44% i favør av flytande rente. Fastrenta med 5 års binding er no lågare enn den var ved førre rentefastsetting. Samtidig er det høg risiko for at renta vil auke dei kommande åra. Spørsmålet er da om ein skal ta ein kortsiktig gevinst eller om ein skal prioritere stabile føresetnader.

Helse Vest har i avveginga mellom muligheita for kortsiktig gevinst og stabile føresetnader fram til no valt å ha ein høg del med fastrentelån. Unnataket har vore dei 3 låna som tidlegare var fastrentelån, men som siste halvår har hatt flytande rente. Det vil alltid vere ei usikkerheit knytt til renteutviklinga framover. Samtidig ser ein at den flytande renta historisk sett har vore lågare enn fastrenta i fleire periodar.

Med dei nye berekningane som blei gjort på pensjonskostnaden i 2010 går nå Helse Vest inn i 2011 med ein høgare driftskreditt enn det som ville vært situasjonen dersom denne endringa ikkje vart gjort. Denne blir redusert noko med dei nye berekningane som vart gjort på pensjonen (om lag kr 300 mill). Alle forhold tilseier at dette forholdet vil slå tilbake dei nærmaste åra og at kassekreditten på sikt vil vere tilnærma null. Kor raskt dette vil skje er førebels noko usikkert. Samtidig vil to lån som i dag har fastrente gå over til flytande rente i 2012 (om lag kr 185 mill). I tabellen under er det vist kor mykje av dagens fastrentelån som vil gå over til flytande rente dei kommande åra. I tillegg er det vist kva fastrentesats desse låna har.

	2012	2013	2014	2015
Lån som går frå fast til flytande rente (mill. kroner)	185	331	116	513
Fastrente	4,70 %	5,70 %	3,45 %	3,00 %

Helse Vest har etter ein samla vurdering valt å binde renta på dei 3 aktuelle låna, totalt kr 553,8 mill. For å redusere risikoen og samtidig oppretthalde målsettinga om stabile føresetnader, har ein denne gongen valt å gå for 3-årig fast rente. Forskjellen mellom 3-årig og flytande rente er berre 0,14%. Dersom ein legg til grunn at driftskreditten dei nærmaste åra minst vil vere kr 500 mill, vil ein få følgjande fordeling mellom fast og flytande rente:

Fastrentelån pr. 1/7-2011 inkl. binding av lån 1,2 og 3	1 869 420 654	73,7 %	
Byggelån - flytande rente	168 567 693	6,6 %	} 26,3 %
Estimert netto driftskreditt	500 000 000	19,7 %	
<u>Sum låneeksponering</u>	<u>2 537 988 347</u>	<u>100,0 %</u>	

Administrerende direktør merka seg kommentarane frå styret vedkommande rentebinding sist gang det blei gitt informasjon om rentebinding. På tross av dette har vi valt å binde renta på 3 år då forskjellen mellom flytande og 3-års rentebinding var marginal. Dette vart gjort ut frå vurderinga om forsett stabile føresetnader og tryggleik på rentesida.

Administrerende direktør vil komme tilbake med ei sak om strategi for rentevurdering/-binding i løpet av hausten 2011.